



LINDÅS KOMMUNE

Lindås kommune
Til berørte naboar

Eigedom
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Dykkar ref. Sakshandsamar:

Vår ref. Telefon
Linn Hagen 56375112/
48363508

Arkivkode: Dato: 29.06.2016

Disp. søknad om oppføring av lysthus ved Lindås bu- og servicesenter, Sanehage (G.nr 107 B.nr 31)

Tiltaket består i oppføring av lysthus/Utestove open med takoverbygg ved Lindås bu-og servicesenter, adresse Storbruhaugen 36 (G.nr/B.nr 107/31), 5955 Lindås. Eigedomen ligg innanfor reguleringsplan: Kolås III. Del av gnr. 107 bnr. 108 plan.id. 1263-08101976.


Bestemmingane for byggeområde for offentleg føremål (Ver: 3 Dato: 19.09.1985 Proses: Vedtak i kraft) §20/21/22, nemner ikkje noko om utnyttingsgrad. Arealplankart (Ver: 2 Dato: 28.03.1985 Proses: Vedtak i kraft) visar derimot omriss av Lindås bu-og servicesenter.

Det er naudsynt å søkje om dispensasjon frå reguleringsplanen med omsyn til oppføring av tiltaket utanfor vist omriss og bygging utover regulert utnyttingsgrad. Elles er tiltaket iht. SAK 10 § 4-1 a). Plassering av tiltaket er vist i Vedlegg D.

Tiltaket, her eit lysthus er frittliggjande, plasseras på bebygd eigendom, tiltaket er ikkje plassert over vann- eller avløpsleidingar, tiltaket er ikkje plasseras nærare enn 1,0 meter frå nabogrensen og ikkje nærare enn 1,0 meter frå annan bygning på eigen eigendom.


- Bruksareal (Areal inv.) er 30 m² (<50 m²).
- Mønehøgde er 310 cm, ikkje over 4,0 meter.
- Gesimshøgden er 245 cm, ikkje over 3,0 meter

15cm betongfundament som tilpassas til terrenget rundt.



Figur 4-9 d Pulttak





Utsnitt 1 – Utsnitt frå Arealplan-ID: 1263-08101976, Plannavn: Kolås III. Del av gnr. 107 bnr. 108

Grunnlaget for utforming av hagen med tilhøyrande lysthus.

Sansehagen skal vere ein stad der demente kan vere ute, oppleve frisk luft og natur i trygge omgivnader. Hagen skal kunne nyttast til opphald og rekreasjon av andre bebuarar på Bu - og servicesenteret. Det skal vere ein stad der demente kan delta i utaktivitetar, oppleve sansestimuli og få ei oppleving av meistring.

Det var behov for ein uteplass med tak over, skjerma mot sol og vind, - til bruk både sommar og vinter. Uteplassen skal vere ein samlingsplass for ulike aktivitetar saman med bebuarane. Vaffelsteiking og anna enkel matsservering, sitte rundt bord, vask og stell av grønnsaker, plass for juletre, ulike trimaktivitetar ballspel, mm.

Utgangspunktet har vore å byggje vidare på den planløysinga som tomta allereie har og utvide og tilpasse desse med det nye anlegg og tiltak (lysthus).

Bilete av lysthus



Bilete 1 – mot nord



Bilete 2 – mot nord/vest

Håpar på snarleg handsaming.
Ved spørsmål, ta kontakt med Linn Hagen på eigedomsavdelinga.

Med venleg helsing
(for Lindås kommune, eigedomsavdelinga)



Therese U. Braseth
Einingsleiar Eigedom